

Forklaring på kommunale gebyr 2025

Gol kommune skriv ut fakturaer for kommunale eigedomsgebyr til tinglyst eigar dersom ikkje anna er avtalt. Det er alltid eigar som er ansvarleg for at rekninga vert betalt. Ved tinglysing av eigarskifte vert registra våre oppdaterte av Statens kartverk.

Kjøpar og seljar må ved sal ordne opp i rekninga seg i mellom.

Er bygningen seksjonert vert gebyra fakturert per seksjon.

Rekninga er delt på to terminar

1. termin gjeld for perioden 1.1. - 30.6 med forfall 16. april
2. termin gjeld for perioden 1.7. – 31.12 med forfall 16. september

Desse gebyra blir berre fakturert på 1. termin:

- Forbruk og avrekning av kloakk og vatn for 2024

Feiing og branntilsyn skal utførast etter behov. Gebyra for desse tenestene er fordelt på antall år som er satt som frekvens (markert under mengde i døme 1/6 = kvart 6. år og 1/8 kvart 8. år). Sjå informasjon på kommunens heimesider.

Ved spørsmål kontakt HBR IKS på tlf. 966 25 425, eller på e-post til:

feieavdeling@hallingdal-brannvesen.no

Døme under viser korleis ein faktura er bygd opp for abonnentar som har kommunalt vatn og kloakk:

Merknad	Avgiftstype	Mengde	Kr.	Tidsrom	Terminbeløp
	Eiendomsskatt bustad	964 000,00 prom	2	010125-300625	964,50
	Branntilsyn bolig	1/8	1421	010125-300625	88,81
	Feiing pipe bolig	1/6	582	010125-300625	48,50
	Vannmålerleie	1,00	320	010125-300625	160,00*
1	Fastledd vann bolig	1,00	1515	010125-300625	757,50*
2	Avlest forbruk vann	128,00 m ³	23,79	010124-311224	3045,12*
1	Fastledd avløp bolig	1,00	2282	010125-300625	1141,00*
2	Avlest forb. kloakk	128,00 m ³	40,26	010124-311224	5153,28*
	Renovasjon dunk	1,00 stativ	4500	010125-300625	2250,00*
3	Forskudd vann	128,00 m ³	29,56	010125-300625	1891,84*
3	Forskudd kloakk	128,00 m ³	35,39	010125-300625	2264,96*
4	Fradrag vann	132,00 m ³	23,79	010124-311224	-3140,28*
4	Fradrag kloakk	132,00 m ³	40,26	010124-311224	-5314,32*

25 % mva. på varer merket * kr. 8209,10 = kr. 2052,28

Ved for sein innbetaling kjem det forseinkingsrente. Ved purring blir det lagt til gebyr.

Eigedomsskatt

Blir fakturert etter utsendte takstar. Avgift kan klagast på.

Ved spørsmål om eigedomsskatt, ta kontakt med Knut Ohnstad på tlf. 32 02 90 68 eller på e-post til knut.ohnstad@gol.kommune.no

Vatn og kloakk

Merk 1 Fastledd vann- og avløp

Alle abonnentar som er tilkople offentleg vass- og kloakknnett betaler eit fastledd. Nytt av året er at det er eit gebyr pr. bueining i huset. Dette følgjer av forskrift vedteke av Gol kommunestyre 8. oktober 2024 i sak 66/2024.

Merk 2 Avlese vatn/kloakk

Dette er ei avrekning av vatnet du har nytta i 2024. Dei same tala vert nytta på kloakk, vatn inn = kloakk ut. Innsend vassmålaravlesing er lagt til grunn for forbruk. Dersom du ikkje har sendt inn avlesing, har kommunen stipulert eit pårekna forbruk basert på forbruk tidlegare år. Innbetalt forskot i 2024 kjem til fråtrekk. Sjå merk. 4

Merk 3 Forskot vatn og kloakk

Kommunen fakturerer eit forskot som à konto på vatn og kloakk for å fordele gebyra på to terminar. På den måten slepp forbrukaren å få ei stor avrekning ein gong i året.

Merk 4 Frådrag innbetalt vatn og kloakk

Her får du ført tilbake det forskotet du har betalt inn som à konto i 2024. I døme over var lest av forbruk i 2024 på 128 m³. Innbetalt forskot var 132 m³, som var høgare enn forbruk. Dette førte då til ei lågare rekning denne terminen. Det motsette skjer dersom forbruket er høgare enn innbetalt forskot.

Kloakkgebyr fritidsbustader utan vassmålar

Gebyret er delt i to.

Eit fastledd per brukseining/Fastledd avløp fritid = kr. 4564,- + mva. per år.

Ein mengde del/Forbruk stipulert fritid = fritidsbustadens BRA x 0,6 x 35,39 + mva. per år

Renovasjon

Alle renovasjonsgebyr vert fordelt på 1. og 2. termin.

Under følgjer eit døme på korleis fakturaer kan sjå ut for abonnentar med to ulike typar private avlaupsanlegg:

Tett tank 4 m3 – årleg tømning og branntilsyn kvart 8 år og feiing kvart 4 år.

Avgiftstype	Mengde	Kr.	Andel	Tidsrom	Terminbeløp
Eiendomsskatt fritid	984 900,00 prom	2	1/1	010125-300625	984,50
Branntilsyn fritid	1,00 stk	1653	1/8	010125-300625	103,31
Feiing pipe fritid	1,00 stk	582	1/4	010125-300625	72,75
Renovasjon hytte/støl	1,00 cont	2444	1/1	010125-300625	1222,00*
Fast avg. slam	1,00 stk	105	1/1	010125-300625	52,50*
Tilsyn avløpsanlegg	1 -	375	1/1	010125-300625	187,50
Oppmøte septiktømming	1,00 stk	400	1/1	010125-300625	200,00*
Pris pr. m3 septik/12mnd	4,00 m3	242	1/1	010125-300625	640,00*
Rensegebyr 12 mnd.	4,00 m3	500	1/1	010125-300625	1000,00*

25 % mva. av kr. 3114,50,0 (merket*) 778,63. Dei markerte gule gebyrane er ikkje med på 1. termin 2025, pga. fond på tenestene som skal tilbake til abonnentane. Gebyra er inne igjen frå 2. termin, dvs. frå 01.07.2025.

Ved for sein innbetaling kjem det til forseinkingsrente. Ved purring blir det lagt til gebyr.

Alle som har private avløpsanlegg betaler eit årleg fast gebyr, i tillegg betalast det for oppmøte uavhengig av størrelse på slamtank og ein sum pr. m3 slam. For tette tankar og tankar som blir tømt med spesialbil kjem det i tillegg reinsegebyr.

Andel på gebyra seier i dei fleste tilfella noko om du deler gebyr med nokon.

For abonnentar med tett tank eller som har anlegg som av andre grunner ikkje kan ta imot rejektvatn (vatn etter at tørrstoff er teken ut), kjem det eit gebyr for reinsing ved avlaupsanlegg. Gebyret blir rekna i forhold til teknisk størrelse på tanken som vert tømt. Alle tette tankar vert tømt kvart år. For minireinseanlegg kan det vere anna tømmefrekvens.

Hytte med slamavskillar 4 m3 – tømmast kvart 4. år – tømmast med liten slambil/traktor og branntilsyn og feiing kvart 8. år

Avgiftstype	Mengde	Kr.	Andel	Tidsrom	Terminbeløp
Eiendomsskatt fritid	895 000,00 prom	2	1/1	010125-300625	895,00
Branntilsyn fritid	1 -	1653,00	1/8	010125-300625	103,31
Feiing pipe fritid	1 stk	582,00	1/8	010125-300625	36,38
Fast avg. slam	1,00 stk	105,00	1/1	010125-300625	52,50*
Tilsyn avløpsanlegg	1	375,00	1/1	010125-300625	187,50
Oppmøte septiktømming	1,00	400,00	1/4	010125-300625	200,00*
Pris pr. m3 septik/48mnd	4,00 m3	60,50	1/1	010125-300625	121,00*
Rensegebyr 48 mnd.	4,00 m3	125,00	1/1	010125-300625	250,00*
Renovasjon hytte/støl	1,00 stk	2444,00	1/1	010125-300625	1222,00*
Spes.tømming /48 mnd	1,00 stk	170,50	1/1	010125-300625	85,25*

25 % mva. av kr. 1930,75 (merket*) 482,69. Også her er gebyra marka gult ikkje med på faktura for 1. termin.

Ved for sein innbetaling kjem det til eit forseinkingsrente. Ved purring blir det lagt til gebyr.

Alle som ikkje har anlegg som kan tømmast med vanleg septikbil må betale for spesialtømming. Som regel vert desse anlegga tømt av ein mindre septikbil eller traktor.

Fleire døme finnast under slamtømminggebyr på kommunens heimesider

Klage på gebyr

Størrelsen på gebyra kjem fram i gebyrregulativet som kvart år vert fastsett av kommunestyret. Gebyrregulativet reknast som forskrift jf. Forvaltningslova. Dette er difor ikkje enkeltvedtak og kan difor ikkje påklagast.

Om du ynskjer å klage på krav om kommunale eigedomsavgifter, må dette gjerast skriftleg.